FISKARLAGET VEST

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 31.05.16

Vår ref. 522/16/BSI/4.10

Dykkar ref.:

Fiskeridirektoratet region Sør
Postboks 185, Sentrum
5804 Bergen

Att: Kari Morvik

e-mail

SØKNADER FRA KOMMUNER I HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE OM STATLIG TILSKUDD TIL INFRASTRUKTUR I FISKERIHAVNER

Viser til Dykkar brev av 12.05.16 med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak. Mottatt 18.05.16.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til dei lokale fiskarlaga.

Det er søkt om tilskot til følgjande hamner, i Fiskeridirektoratet region Vest sitt område, i:

- Sogn og Fjordane: Saltskår, forlenging av kai og utdjuping (Solund)
  Barstadvika, kai (Vågsøy)
- Hordaland: Hellandsstraumen, utdjuping (Fitjar)
  Salthella, kaianlegg (Austevoll)
  Kobbebukta, kaianlegg (Kvinnherad)

Fiskarlaget Vest finn ikkje å ville uttale seg om tiltaka i Sogn og Fjordane.

Når det tiltaka i Hordaland viser ein til følgjande uttale av 27.05.16 frå Kvinnherad og Hardanger Fiskarlag:

> Vi i Kvinnherad og Hardanger fiskarlag meiner at Kobbebukta bør prioriteres først.
> I Kvinnherad og Hardanger er det bare ei fiskerihamn.(Kobbebukta) Denne hamna er pr dags dato ubrukelig for båter over ca 40 fot.

Adresse:
Slottsgt. 3
N-5003 BERGEN

Telefon: 55 55 39 80
Telefax: 55 55 39 88
e-mail: vest@fiskarlaget.no

Bankkto: 6511.05.05331
Org.nr: NO 938 613 109
Org.nr: NO 984 152 094 MVA

Det er i vårt område ei positiv utvikling med vekst både på fartøy og mannskapssida, og vi frykter at dersom Kobbebukta ikkje blir oppgradert slik at hamna kan brukast til det den er meint å brukast til så vil det hemme og til slutt stoppe utviklinga.»

Som det går fram av uttala vil tiltaket vere svært viktig for den lokale flåten, men òg for framandflåten i området.

Når det gjeld tiltaket på Salthella får ein opplyst at forprosjektet inneheld tre stykk ålmenningskaiar på rekke innafor moloen. Moloanlegget blei ferdigstilt i 2015.
Austevoll kommune har fått tilsagn om tilskot til byggetrin I, to kaiar, i inneverande år, og søkjer no finansiering av den tredje kaien, byggetrinn II.
Fiskarlaget Vest meiner at det er viktig å fullføre eit påbyrja prosjekt, slik at hamna er mest mogeleg tenleg for fiskeflåten, og servicenæringane som har tenkt å etablera seg på land i tilknyting til hamneaktiviteten.

Fiskarlaget Vest finn ikkje å kunne prioritere mellom prosjekta i Kvinnherad og Austevoll, då begge prosjekta er viktige for fiskerinæringa i regionen vår.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø

Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Lokallaga
Norges Fiskarlag
Austevoll kommune
Kvinnherad kommune